

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Fonna HF
Dato: 12.12.16
Sakshandsamar: Kari Ugland
Saka gjeld: **Oppnemning av brukarutval**

Arkivsak
18/13
41/14
88/14

Styresak 080/16

Styremøte 19.12.2016

Forslag til vedtak:

Styret i Helse Fonna HF vedtek forslaget til nytt brukarutval for perioden 01.01.17 - 01.01.19

Bakgrunn for saka

Styret i Helse Fonna har handsama strategi for brukarmedverknad og retningsliner i tidlegare saker. Strategien er felles for føretaka i Helse Vest. Det er nå utarbeida forslag til felles nasjonale retningsliner for brukarmedverknad på systemnivå som er ute på høyring, men desse vil ikkje ta til å virke før neste periode som vil være 2019-2021.

I gjeldande retningsliner står det at brukarutvalet mellom anna skal vere eit rådgjevande organ for styret og administrerande direktør i føretaket i saker som angår tilbodet til pasientar, brukarar og pårørande. Utvalet skal og vere eit fora for tilbakemeldingar om erfaringar med helsetenesta, og vere samarbeidsorgan mellom helseføretaket og brukar- og pasientorganisasjonar. Brukarutvalet skal delta i planarbeid og føreslå representantar til råd og utval, men ikkje handsame enkeltsaker som til dømes pasientsaker. Nytt brukarutval blir oppnemnd for to år med virketid frå 01.01.17

Forslag til nytt brukarutval

Felles retningsliner i Helse Vest for samansetting av brukarutval er lagt til grunn for forslag til brukarutvalet i Helse Fonna kommande periode. Det er totalt ni medlemmar/vara medlemmar som går ut av brukarutvalet frå januar 2017.

Det nye brukarutvalet i Helse Fonna vil ha ni medlemmer. Forslag til kandidatar er gjort av organisasjonane FFO¹, SAFO², RIO³, fylkeseldreråda og Kreftforeningen. Det vil i kommande periode bli ei overvekt av kvinner i utvalet. Den geografiske spreinga er god. Det nye brukarutvalet vil ha seks nye medlemmar, der to av desse var vararepresentantar siste periode. Alle vararepresentantane vil være nye. Brukarutvalet vil halde eit konstituerande møte i januar 2015 der leiar og nestleiar blir valt.

Medlemmar

Paraply organisasjon	Organisasjon	Navn
FFO Hordaland	Astma og allergiforeningen	Laila Stensletten
FFO Hordaland	Odda Revmatikerlag	Turid Tomasgaard (ny)
FFO Rogaland	HLF ⁴ - Rogaland	Berit Askvold Eriksen (ny)
FFO Rogaland	Mental Helse	Einar Skibeveag (ny)
SAFO Sørvest	NHF ⁵ Sørvest	Kjell Inge Bringedal
SAFO Sørvest	NFU ⁶ Hordaland	Hilde Land Eikeland (ny)
Kreftforeningen	Brystkreftforeningen	Janne-Elin K. Thronsen (ny)
Hordaland Fylkeseldreråd		Synnøve Solbakken (ny)
RIO		Janniche Kristengård

Vararepresentantar

Paraply organisasjon	Organisasjon	Navn
FFO Hordaland	LHL ⁷ Kvinnherad	Steinar Kroka (ny)
FFO Rogaland	Norges Blindeforbund	Solfrid Eggen (ny)
SAFO Sørvest	NFU Rogaland	Alf Anvedsen (ny)
Kreftforeningen	Brystkreftforeningen	Heidi Larsen Wåge (ny)
Rogaland Fylkeseldreråd		Astrid Rørvig (ny)

¹ FFO Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

² SAFO Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner

³ RIO Rusmisbrukernes Interesseorganisasjon

⁴ HLF Hørselhemmedes Landsforbund

⁵ NHF Norges Handikapforbund

⁶ NFU Norsk Forbund for Utviklingshemmede

⁷ LHL Landsforeningen for hjerte og lungesyke